



## Høringsuttale (KF-340)

Referansenummer: IKWBII

Registrert dato: 31.08.2013 20:43:10

<b>Innleiing</b>	
Uttalen blir gjeven	
<input checked="" type="radio"/> Personleg	<input type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining
<b>Opplysningar om innsendaren</b>	
Førenamn	
Jarle	
Etternamn	
Fanebust	
Adresse	
Fonnebostvegen 186	
Postnummer	Poststad
5955	LINDÅS
Telefon	
56369313	
E-post	
jarfan@hfk.no	

<b>Høringsuttale</b>
<b>Høringsuttale</b>
Velj høyringsuttale:
<input type="checkbox"/> Tunnel på fv 57, Knarvik-Isdalstø
<input checked="" type="checkbox"/> Fonnebost småbåthamn
<input type="checkbox"/> Galtaråsen industriområde

Uttale

Underteikna er oppsittjar på gnr 106/1, på Fanebust. Eg grensar ikkje direkte til tiltakshavar, men har jordbrukseigedom både på Fanebust og ved Fanebustsjøen.

I reguleringsplanen for 106/12 vert det lagt opp til ei omfattande utbygging av bustader, hytter og småbåtplassar. Mitt ankepunkt er at dette vil føra til stor trafikkauke på vegen til Fanebust og Fanebustsjøen.

I saksutgreiinga til møte 17.4.13 heiter det: »Totalt kan det etablerast 10 nye bueiningar. Det vert lagt opp til parkeringsdekning på 2 bilar pr bueining [?]. Det betyr altså at bustadene aleine kan tilføra 20 bilar. I tillegg kjem trafikken til hytter og småbåthamn. Denne er kanskje er vanskelegare talfesta. Men ein kan ikkje koma bort frå at planane vil medføra ein betydeleg auka frå noverande nivå.

Enno er me nokre som driv med husdyr her. Me har slåtteareal og beite-areal på båe sider av vegen, og me treng kryssa eller føra dyra langs denne. Fanebust og Fanebustsjøen er LNF-område. På generell basis vil eg sei det er veldig uheldig å få ein satellitt av eit byggefelt midt inne i eit LNF-område. I denne saka har det i tillegg trafikkmessige følgjer.

Vidare ferdast her mange mjuke trafikantar, både unge og eldre. Det er einaste vegen til barne- og ungdomsskulen og til butikkane i Lindås senter. Her går ikkje buss, og ungane på Fanebust har ikkje rett på skuleskyss.

Eg har påpeikt somt av dette i tidlegare skriv. Og tiltakshavar har kommentert dette i to omganger.

Første gong er i Forslagstillers kommentar av 15.11.12. Dei stadfester at det vert auka trafikk, men avviser det nonchalant med at «Dette vert ikkje eit stort problem». Slikt vert for lettvent.

Men i eit seinare skriv, Trafikktilhøve Fonnebostvegen og Leikeplassar (av 15.5.13), utdjupar tiltakshavar/Weglo Design. Dei held fast på at det ikkje vil medføra noko negativ endring og grunnjev dette slik: «Minner om at det på 60-talet var fleire rutebilar samtidig til kaien for transit over fjorden. Då var dette ein smal grusveg. Vegen er i dag [?] vesentleg utvida og asfaltert, utan rutetilbod eller anna tung transport». Ein annan stad vert det framhalde at: «det har vore ei dynamisk utviding av vegen i form av nye utkjørsler, oljegrusing og liknande».

Det er rett at det nokre år på sekstitalet gjekk bussar (av den tids storleik) nokre gonger om dagen til kaien. Men å samanlikna trafikken på 60-talet med dagens bilisme og dagens køyremønster, - ja det vert nærast absurd.

Vegen har vorte asfaltert, ja, men er slett ikkje utvida. Stabbesteinane står no der dei alltid har stått som vitne på dette.

Sjølve vegbana er betre, men det har vorte høgare og skarpere asfaltkantane. Det er uheldig å koma ut for denne asfaltkanten, for mange stader er der høge vegskuldrar. Og om syklisten misser balansen på kanten, kan ho like tidleg falla inn att i vegbana.

Og talet på nye utkjørsler er få. Eg har budd her all min dag, og veit at vegen ikkje er mykje endra på 50 år: breidda er lik, møteplassane mykje dei same, medan trafikkmengda og -intensiteten har auka monaleg.

Ei slik utbygging som det er lagt opp til, er uheldig for oss som bur på Fanebust og Fanebustsjøen. Det er uheldig for landbruket, og for all vanleg ferdsel langs vegen.

Fanebustvegen er smal og svingete. Eg vil hevda at vegen vår er tungt nok belasta allereie. Smal veg & ein slik trafikk-auke er ein dårleg kombinasjon.

Med helsing Jarle Fanebust